

Årsmelding for Bjordal & Ortnevik sokneråd 2024

Desse sat i soknerådet i 2024:

Camilla Merkesvik Ådland, leiar
Sissel Sørebo, nestleiar og Kirkens Nødhjelp-kontakt
Terje Søreide
Kjersti Johansen Søreide
Ingunn Østerbo (1. vara møter fast)
Åge Østerbo 2. vara
Irene Grøneng Breidvik 3. vara
Geistleg representant Inger Cesilie Fitje

Terje Søreide og Kjersti J. Søreide representerer soknet i Høyanger kyrkjelege fellesråd.
Sissel Sørebo og Camilla M. Ådland er vara.

Liv-Gunnbjørg Søreide er soknerådet sin kasserar. Ho får ei lita godtgjersle frå fellesrådet.

Personalsituasjonen :

Diakon i prestestillinga :	Inger Cesilie Fitje
Prost:	Knut Magne Nesse
Organist :	Peter T. Jobbago
Kyrkjemusikar	Harald Dahlstrøm
Kyrkjevevje:	Stig Jonny Fitje
Kyrkjelydsarbeidar:	Heike Müller / ledig stilling
Sekretær kyrkjekontor:	Ali Kharrat / Renate Ø. Dale
Kyrkjetenar: Ortnevik	Joar Oppedal
Kyrkjetenar: Bjordal	ledig
Klokkar i Bjordal og Ortnevik og sekretær for soknerådet:	Ann Iren Østerbo

Gudstenester:

Det har vore 19 gudstenester i soknet, to færre enn for 2023.

I alt var det 715 frammøtte (72 fleire enn året før) og 103 nattverdsgjester.

6 av gudstenestene var familie- og barnegudstenester.

2 julaftangudstenester.

Det har vore gudsteneste på Åsenutsikta/dagsturhytta på Søreide (19), friluftsgudsteneste på Sande (21),
hausttakkefest på Massnes (37) og dåpsgudsteneste i Ikkjefjord grendahus (ca 65) Det var planlagt friluftsgudsteneste m/
dåp på Sørebo, men p.g.a vermeldinga vart gudstenesta flytta til Bjordal kyrkje.

Kyrkjevertar har vore Sølvi Gunn Kalstad, Mari- Ann Lund Fridtun, Liv-Gunnbjørg Søreide, Sissel Sørebo, Kjersti J. Søreide,
Dagny Bjordal, Gunvor Hommedal, konfirmant og fjorårskonfirmantar.

Det har vore 4 barnedåp og 5 gravferder.

Ved ofringar og gåver for mat kom det inn kr 54.076,- inkl. vipps og offer (kr 8.698,- meir enn i 2023).

Av dette kr 11.493,- til eige arbeid.

Ved Kirkens Nødhjelps fasteaksjon vart det samla inn på bøsse kr 13.771,- og 3894,- ved vipps og kontoinnbetaling.

Soknerådet v/leiar og kasserar har ansvaret for gåvekontoane til kyrkjene.

Det står kr 65.894,- på konto til Ortnevik kyrkje og kr 10.993,- på Bjordal kyrkje sin konto.

Inger C. har hatt andakt på Sørsida Bygdetun om lag ein gong i månaden, og andakt i Ikkjefjord grendahus i samband med
juletreffest.

Trusopplæring /barn og unge

Bjordal & Ortnevik sokn har godkjent trusopplæringsplan. Kyrkjelydsarbeidar Heike Müller har saman med Camilla M.
Ådland, Mari-Ann L. Fridtun, Sissel Sørebo, Inger Cesilie Fitje og Ann Iren Østerbo vore med i trusopplæringsutvalet for
Bjordal og Ortnevik. Dei har hatt eitt planleggingsmøte og drøfta tiltak for barna.

Frå 1. januar 2025 avslutta Mari-Ann og Sissel arbeidet i utvalet etter mange år som gode hjelparar; og vi takkar dei så
mykje for innsatsen.

Stillinga som kyrkjelydsarbeidar står no vakant.

I 2024 har vi hatt desse tiltaka :

4 T- klubbssamlingar i Gamlebanken for 1.-7. klasse på tysdagar rett etter skuletid med 3-6 born kvar gong. Mari-Ann og Ann I. har delt på å hjelpe Heike med mellom anna hobbyarbeid og køyring av barna.

På Sørsida er det no mogeleg å reise på babysong i Høyanger. Frå hausten vart det byta dag til tysdag for at foreldre frå heile kommunen kan vere med.

Det vart delt ut Mi kyrkjebok 6, Mi kyrkjebok 4 og Bibel til 5. klasse på dåpsgudsteneste i Ortnevik i oktober.

Tårnagethelg var planlagt dette året, men vart flytta til 2025.

Soknerådet subsidierer alle leirar på Alværa med kr. 200,- pr. barn frå soknet vårt.

Konfirmantar:

Våren 2024: 1 konfirmant som har hatt opplegg saman med Lavik og Hyllestad konfirmantane.

Konfirmasjonsgudstenesta i Bjordal 12. mai var v/ Runar M. Li som har hatt hovudansvar for konfirmantundervisninga.

Hausten 2024: 2 konfirmantar.

Konfirmantane vart presenterte på gudsteneste i Bjordal kyrkje 1. september, og dei har vore med på:

Kick-off på Alværa, konfirmantfestival på Sande og lysmesse i Bjordal.

Dei har hatt to konfirmant dagar/ undervisning saman med Lavik konfirmantane.

Dei brukar konfLogg opplegget, og Inger C. har hatt ansvaret.

Soknerådsarbeid elles:

Soknerådet har hatt 5 møte, og handsama 53 saker og 18 meldingssaker. Takk til Dagny Bjordal for bruk av Gamlebanken og Camilla og Ole M. Ådland for bruk av Bønnens Hus i Ortnevik.

Aktivitetar i året som gjekk :

- 1. januar starta diakon Inger Cesilie Fitje i 80% prestestilling her på Sørsida og i Lavik. Dette er eit 3-årig prosjekt som no er godkjent av bispekontoret. 7. januar var det innsetting v/ prost Knut Magne Nesse og Andreas Ester i Bjordal kyrkje.
- På nyåret var det kurs for nye medlemmer i fellesrådet.
- I to år har soknerådet samarbeidd med pensjonistlaget om song på Bygdetunet kvar 14. dag; måndagar frå kl. 17. Dette har vore eit populært tiltak med gjennomsnittleg frammøte på om lag 17 personar. Takk til Sissel, Kari S. og Mari-Ann og Olav B. Bjordal som stiller opp med trekkspillet sitt.
- 14. februar var det årsmøte for soknet i Gamlebanken i Bjordal. Takk til Liv-Gunnbjørg for utført kasserarjobb og Mari-Ann L. Fridtun og Kari Søreide som er soknerådet sine revisorar. I tillegg til årsmøte fortalde Terje Søreide om LivOgLyst - prosjektet for Høyanger Sørside, Sørsida Utvikling og Oslandsfondet. Det var samtale og idemyldring om kva vi i kyrkjelyden kan bidra med for å få eit meir inkluderande fellesskap overfor nye innbyggjarar. Fleire ynskje vart lagt fram. Det vart servert suppe, kaffi og kake.
- Bjordal kyrkje har fått notestativ.
- Soknerådet og frivillige samarbeidde om fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.
- Onsdagen i påskeveka var det påskesamling for store og små i Ortnevik kyrkje. Det var forteljing v/ Inger Cesilie. Anders Brekke spela, og fleire las dikt. Gjennom musikk, song og dikt følgde vi påskedramaet frå palmesøndag til 1. påskedag. Etterpå var det opent bibliotek og kyrkjekaffi i grendehuset.
- I april var det dugnad i kyrkja og på kyrkjegarden i Bjordal. I Ortnevik fekk dei frammøtte laga det fint på kyrkjegarden etter vinteren. Og i Ikkjefjord såg Ingunn til at alt såg greitt ut.
- Massnes Villmarksmuseum feira 40 års jubileum dette året og fekk gåve frå kyrkjelyden.
- Bjordal kyrkje har fått fjernstyring av varmen.
- Soknerådet har drøfta behov for og mogelegheiter for å fjerne kyrkjebenkar bakerst i Bjordal kyrkje (evt. Ortnevik) for å ha meir plass til leik og evt. bord til kyrkjekaffi; og ein søknad er sendt til fellesrådet.
- Konfirmanten fekk rose og jubileumshefte om kyrkja si frå kyrkjelyden på konfirmasjonsdagen.
- I skuleferien var det open kyrkje i Ortnevik kvar fredag frå kl. 16.00- 18.00, der fleire personar var innom.
- Det er viktig at alle har skyss til arrangement. Soknerådet drøfta korleis ein kunne gjere dette meir kjent. Det har stått notis i Helgestunder, og på plakatar har ein ført opp mobilnummer til ein kontaktperson som kan vidareformidle til aktuelle personar. Takk til dei som fyller opp bilane sine, mellom andre Roald Jensen og Mari Ann.
- Soknerådet har bidrege med ulikt stoff til kyrkjelydsbladet Helgestunder. Sissel er soknet sin representant i redaksjonsnemnda. Sidan det har vore utfordring med distribusjon med Posten, har Ingunn og Arne teke på seg å køyre blada rundt i Ikkjefjord - takk til dei.

- Det har vore tilbod om enkel kyrkjekaffi etter gudstenestene for dei som ynskjer det. I tillegg var det middag på hausttakkefesten på Massnes.
- Soknerådet har drøfta kyrkjjetenarstillinga i Bjordal, som framleis står ledig. Fleire personar har vore kontakta. Ann I. gjer nokre av kyrkjjetenaroppgåvene, og får betalt på timebasis. Kyrkjevevjerje Stig J. Fitje og kyrkjjetenar på Kyrkjebø og i Vadheim; Irene Aase Aarseth har hjelpt til i gravferder. Fleire frivillige har hjelpt med vask og orden; i tillegg til alt som vart gjort på dugnaden om våren.
- Soknerådet har drøfta arbeidet i kyrkjelyden; kva vi ynskjer for soknet vårt, kva vi brenn for, og kva vi er motiverte for å arbeide med ? Karnevalsgudsteneste, Kulturarrangement v/Silje Sørrebø og Erlend Os og 1000 års markering av kristenretten i Norge var 3 tiltak ein ville satse på.
I august var det samling i stavkyrkja til Anders Brekke i Ortnevik der Geir Sørrebø innleia om landslova sin verknad på vårt samfunn i dag. Kva var landet sine verdiar for 750 år sidan, og kva verdiar ønskjer vi å byggje på i dag ? Respondentar var Nina Brekke og Terje Sørreide, og fleire deltok i samtale.
Dei 2 andre tiltaka blir gjennomført i 2025.
- Soknerådet har vedteke offerformål, og saman med Inger C. drøfta gudstenesteplan og konfirmantopplegg. Då diakoniplanen var oppe som sak, vart det bestemt at soknerådet tek felles ansvar for diakoniarbeidet.
- Soknerådet har hatt samtale om trusoppplæringa og vurdert kva ein kan klare å gjennomføre her på Sørsida no når stillinga for øyeblikket står ledig. Camilla er valt som representant i ei trusoppplæringsgruppe med medlemmer frå alle sokna i kommunen.
- I 2025 er det 100- års jubileum til Ortnevik kyrkje. Soknerådet har vurdert vedlikehald og oppussing av kyrkja, i tillegg er nytt gjerde rundt kyrkja ei viktig prioritering til feiringa.
Ei jubileumsnemnd arbeider med program og innhald for dagen, og Geir Sørrebø er med i arbeidsgruppa som skal lage eit festskrift.
- Vi har tidlegare vedteke ein kyrkjemusikalsk plan. To personar frå Sørsida er med i KUL- koret på Kyrkjebø. Soknerådet kom med innspel til kantorstillinga som vart utlyst på våren, og det er no tilsett ein organist i 40 % stilling og ein kyrkjemusikar i 50 % stilling. For 10 % er det mogeleg å leige inn andre ved behov.
- Soknerådet arrangerte ein flott og stemningsfull julekonsert i Ortnevik kyrkje med KUL-koret og fleire lokale aktørar der omlag 100 personar møtte.
- Olav B. Bjordal fekk blomst for trekkspelmusikk på Bygdetunet.
- Geir Sørrebø har kvar veke lagt ut god helg andaktar/tankar til søndagens tekst på nett (www.worshippinginthenature.com).

Misjonsprosjekt

Soknerådet har i mange år støtta NMS og misjonsprosjekt i Mali. Dette året blei det valt eit nytt 2 - årig prosjekt i Etiopia, betre levekår – fokus på kvinner og ungdom. I september hadde vi markering på ei gudsteneste i Bjordal.

Soknet har ei NMS-misjonsforeining, Bjordal misjonslag. Dei hadde adventssamling på Sørsida Bygdetun i desember.

I «Bønnens hus» i Ortnevik har arbeidet halde fram med tidebøner og forbøn, takk Ole og Camilla.

Takk til Anders Brekke som har spelt i mange gudstenester dette året. Takk også til Aud Marit Bjordal for vakker song 1. påskedag og 12. mai på konfirmasjonsdagen.

Vi takkar for godt samarbeid med Inger Cesilie.

Takk til alle som på ulike måtar har bidrege – det er av stor verdi.